

INFORMASJON

Informasjon frå Fjell vatn, avløp og renovasjon as

Informasjon om levering av avfall på gjenbruksstasjonen

Velkomen til gjenbruksstasjonen

Gjenbruksstasjonen i Fjell ligg i Lonavegen 20 på Straume. Det er vi i FjellVAR som eig og driv stasjonen sjølv. Denne stasjonen er open for levering av alle typar avfall frå hushalda i Fjell kommune og frå hushalda i Øygarden kommune.

Næringsdrivande kan nytte stasjonen på Straume etter egne satsar.

Private og næringsdrivande i frå Bergen har ikkje høve til å nytte FjellVAR sine gjenbruksstasjonar. Desse må bruke ein av BIR sine stasjonar i Bergen.

Kvifor betale for levering av avfall?

Nokon brukar gjenbruksstasjonen mykje, andre brukar han aldri. Då er det meir rettferdig at ein er med og betaler for det ein vel å bruke av tenestene. Ordninga er og i tråd med myndighetene sitt krav om at den som produserer avfall i større grad skal dekke kostnadene med avfallshandteringa.

Er betaling vanleg andre stader?

Ja – om lag 60 prosent av dei 434 kommunane rundt om i landet har innført betaling ved sine gjenbruksstasjonar.

Betalingssatsar for privatpersonar

For 2011 gjeld desse betalingsattsane:

Personbil kr 50,-
Bil med tilhengar kr 100,-
Varebil (inntil 3,5 tonn) kr 150,-

Alle mengdar over 2m³ kr 150,- pr. lass.

Korleis betale?

Betalinga vert kravd inn av personellet på stasjonen. Betaling med kort eller kontant.

Det er framleis gratis å levere EE-avfall og farleg avfall

Elektriske og elektroniske produkt kan returnerast gratis til forhandlar eller gjenbruksstasjon. Farleg avfall kan hushalda levere gratis til gjenbruksstasjonen.

Reglar for bruk av gjenbruksstasjonane

For at ein så langt råd er skal kunne unngå køar ved stasjonane, og for at det ikkje skal oppstå uhell/ulykker av noko slag, er det viktig at du som kunde:

- **alltid** har sortert avfallet før du kjem

- rettar deg etter skilt og anvisingar frå dei tilsette ved stasjonen
- unngår unødige opphald på stasjonen
- unngår søl og rot, plukk opp det du eventuelt skulle miste på bakken
- respekterer opningstidene, kjem du for seint må du vere snill å kome att neste dag
- betalar uoppfordra til ein av dei tilsette

Hugs vidare på at:

- born alltid skal sitje i bilen
- uvedkommande ikkje har tilgang til stasjonen
- stasjonen er stengt for kjøretøy med totalvekt 3,5 tonn

Opningstider:

Måndag	kl. 10-19
Tysdag	kl. 10-15
Onsdag	kl. 10-15
Torsdag	kl. 10-19
Fredag	kl. 10-15
Laurdag	kl. 10-15



FJELLVAR
VATN AVLØP RENOVASJON

Fjell vatn, avløp og renovasjon AS
Pb 264, 5342 Straume
Telefon: 56 31 59 30
Telefaks: 56 31 59 31

Besøksadresse: Lonavegen 20
Vakttelefon: 917 29 717
postboks@fjellvar.as
www.fjellvar.as

Dette kan du levere mot betaling på gjenbruksstasjonen

Bildekk m/u felg	Merk: Alle dekkforhandlarar er pliktig til å ta i mot gamle bildekk (sjølv om du ikkje skal kjøpe nye dekk).
Gips	Gipsplater og andre materialar av gips.
Glas/metallemballasje	Farga og klår glasemballasje, metallemballasje Merk: Ikkje keramikk, porselen, krystall, vindauge, bilglas.
Hageavfall	Kvist og greinar
Hardplast	Kanner, hagemøblar, leikar og liknande av hard plastmateriale.
Impregnert trevirke	Trevirke som er impregnert med kobbar, krom og arsen.
Isopor	Kassar og emballasje av isopor.
Inerte masser	Kun reine masser u/ emballasje av murstein, betong, takstein, porselen og keramikk.
Metall	Alle typar reine metall og gjenstandar hovudsakeleg av metall.
Mjukplast	Plastposar, bæreposar og anna plastemballasje i store flak. Merk: Plasten må ikkje vere tilgrisa.
Papir	Eigen kontainer for papir Merk: Ikkje tilgrisa eller plastbelagt papir.
Papp	Eigen kontainer for papp.
Drikkekartongar	Legges i kontainer for papir.
PCB haldige isolerglasrutar	Isolerglasruter produsert i perioden 1965 - 1975. Merk: Skal leverast heile.
Restavfall	Avfall som ikkje kan kjeldesorterast for gjenvinning.
Trevirke	Alle typar reine planke- og materialrestar. Trykkimpregnerte materialar må sorterast ut i eigen container.

Det er forbud mot å plukke avfall frå kontainerane.

Dette kan du levere gratis på gjenbruksstasjonen

Elektronisk avfall (EE)	Tv, stereo, data, elektriske kjøkkenapparat, lysarmatur, lysstoffrør, sparepærer, varmeovnar. Merk: Forhandlarar som sel same type produkt er pliktig til å ta imot t.d. den gamle TV-en din (sjølv om du ikkje skal kjøpe ny).
Farleg avfall	Restar av olje-, kjemikalie- og malingsprodukt, lim, løysemiddel (white spirit, tynnar) og bil- og oppladbare batteri. Merk: Emballasjen må merkast med innhald. Tomme malingsboksar går i kontainer for metall eller i kontainer for hardplast..
Kvitevarer	Komfyrar, vaskemaskiner, kjøleskåp o.l Merk: Forhandlarar som sel same type produkt er pliktig å ta imot t.d. den gamle komfyren din (sjølv om du ikkje skal kjøpe ny).
Tekstilar/skotøy til Fretex	Leverast i containerskåp som Fretex har plassert ut.